

og Fiskarlagets Servicekontor AS, avd. Vest

Bergen, 09.11.17

Vår ref. 1131/17/BSI/5.7.1.3

Dykkar ref.

Meland kommune (ref. 17/338 -17/19090)

Fiskeridirektoratet region Vest

E-mail

## **MELAND – RULLERING AV KOMMUNEPLANEN SIN AREALDEL – PLANPROGRAM.**

Viser til brev av 28.09.17 frå Meland kommune vedkomande ovannemnde sak.

Det er rullering av kommuneplanen sin arealdelen som står på sakskartet.

I følgje sakspapira vedtok Meland kommune «kommuneplanen sin samfunnsdel og arealdel 2015-2027 den 17.06.15. Overordna prinsipp og føringar lagt i planen er retningsgjevande for arbeidet...Formannskapet har i møte 17.03.17 vedteke å rullere kommuneplanen sin arealdel på fylgjande tema: Areal for havbruksrelatert næring på land og vatn, samt areal for djupvasskai, reiselivsrelatert næringsutvikling, t.d. Meland golf, Sambandet Vest AS sitt val av vegløyisingar over Meland...»

Fiskarane er i utgangspunktet positivt innstilt til anna næring og aktivitet. Samtidig er det ein føresetnad at dette ikkje må kunne øydeleggje viktige gyte- og oppvekstområde, for kvalitet og atferd hos ville marine arter, eller for sjølve fisket. Fiskarane opplever ein stadig større konkurranse om areala, særleg i kystsona.

Eksempel på konfliktområde er; oppdrett (areal inkl. anker og utslepp av spillfôr/feces/ avlusingsmidlar), vindmøller til sjøs, reguleringsplanar ut i sjø (friluftsområde i sjø, flytebyggjer, ankringsområde, m.m.), ankring/verksemd i sjø, avlaups-/vassleidningar i sjø, kablar i sjø, - fritidsinteresser (båttrafikk, fritidsfiske).

I tillegg vil ein peike på at fiskarar får klage frå hytteeigarar når ein fiskar i sjøområdet utanfor hyttene om natta, men òg elles.

Dette viser at planlegging av land- og sjøområda heng tett saman.

Mange meiner at eitt lite enkelt prosjekt ikkje kan skade, men mange nok slike så tar ein bit for bit frå fiskeriinteressene.

Ein vil vise til Fiskeridirektoratet si nettside når det gjeld registrerte fiskeriinteresser

<http://kart.fiskeridir.no/default.aspx?gui=1&lang=2>

Det blir òg fiska i område som ikkje er registrert der då det er kome «nye» fiskeri som t.d. leppefiske, krepsefiske.

I kartet kan ein leggje på ulike lag når det gjeld m.a. «Kystnære fiskeridata», «Marint biologisk mangfold» og «Farled, fiskerihavner»

Fiskarlaget Vest vil peika på at fiskeri og akvakultur har eit heilt ulikt forhold til bruk av sjøareal. Havbruksnæringa har behov for nye/større lokalitetar, medan fiskerinæringa er avhengig av å ta vare på viktige eksisterande fiske-, gyte- og oppvekstområde i forhold til andre interesser. Fiskerinæringa er i tillegg heilt avhengig av eit reint hav, mest mogeleg fritt for miljøgifter, framandstoff og legemiddel. Dette skil fiskerinæringa frå dei fleste andre næringar som utnyttar hav- og sjøareal. «Sjøvern» er like viktig for fiskerinæringa, som «jordvern» for jordbruk.

I tillegg vil ein peike på, slik at ein kan ha det med i planlegginga, at utvikling av resistent lakselus har dei siste åra ført til at ulike legemiddel/kjemikalier mot lakselus har blitt tatt i bruk i stadig større omfang, og på andre vis, enn tidlegare.

Det er no vist at fleire av desse lusemidlane kan vere svært skadelege for reke og andre marine krepsdyr, særleg dersom dei blir brukt i kombinasjon.

Den nye veileiaren for «Forsvarlig forskrivning og bruk av legemidler», som ligg til grunn for Mattilsynet og Fiskeridirektoratet sitt pågåande tilsynskampanje, omtalar denne problematikken. Her blir det mellom anna slått fast: «Ny miljøkunnskap viser at bruk av to eller fleire legemidler i kombinasjon må skje med mye større varsomhet enn det som skjer i praksis. Forskning har vist at reker er betydelig mer følsomme for kombinasjon av legemidler enn når medikamentene blir gitt separat. Andre arter (non-target organismer) kan påvirkes i flere kilometers avstand, også så lenge som 24 timer etter utslipp». Forsking offentliggjort av Havforskningsinstituttet i januar i år viste at slik bruk av legemiddel kan ta livet av reker ved så lave konsentrasjonar at midla ikkje er mogeleg å påvise ved hjelp av dagens analysemetodar. I tillegg viser nye forskingsresultat frå mellom anna Akvaplan-niva at mindre krepsdyr (raudåte) er enda meir sårbar enn reke og hummar.

På grunnlaget av ovannemnde meiner Fiskarlaget Vest at fiskerinæringa må få likeverdig behandling som plantema som akvakultur, reiseliv/turisme og anna som kan ha påverknad for utøving og ivaretaking av fiskeriinteressene. Ein kan ikkje driva ein bit-for-bit-politikk. Ein må òg sjå over kommunegrensene i sjø.

Som nemnd ovafor er det viktig at ein unngår forureining til sjø. Fiskarlaget Vest vil vise til at det finst to viktige publiseringar kring temaet småbåthamner. Den eine er NGI-rapport *"Kartlegging av forureining i utvalgte småbåthavner i Norge"* (TA-2751/2010), som viser at småbåthamner forureinar grunnen og sjøbotn, og at spyling og vedlikehald av skrog er den største kjelda.

CIENS-rapport: 2-2011 " Helhetlig planlegging og utvikling av miljøvennlige småbåthavner. Kunnskapsstatus" gjev ei rekkje råd om korleis negativ miljøpåverknad frå småbåthamner kan avgrensast.

Fiskarlaget Vest konstaterer at det er kommunen sitt ansvar å ta vare på fiskebruksområde t.d., låssettingslassar, område for passiv og aktiv reiskap, som er viktige for fiskarar som bur i nærområdet, dvs. svake regionale og lokale fiskeriinteresser. Det vil seie at ein skal ivareta både lokale og regionale interesser.

Fiskeridirektoatet sine regionkontor skal ivareta sterkt regionale og nasjonale bruks- og ressursområde innan fiskeri.

Ein vil òg peika på at kommunen og næringsutøvarane saman med Forsvaret i kvart einskild tilfelle må kunne kome fram til kva aktivitet/utvikling som er til skade for Forsvaret si verksemd innafor området «deira», slik det blir gjort med andre t.d. Fiskeridirektoratet, Kystverket osv.

Til slutt vil ein gjere merksam på at kysten utgjer sjølve grunnlaget for norsk sjømatnæring. Våre viktigaste gyteområde, oppvekstområde og fiskeområde ligg her. Sjømatnæringa og Regjeringa har ein felles visjon om at Norge skal bli «verdens fremste sjømatnasjon». For å oppnå dette er ein heilt avhengig av eit godt havmiljø med reine og produktive sjøområde, noko som er avgjerande for kvalitet, mattryggleik, omdøme og marknadsverdi for norsk sjømat.

Ein må òg ha med seg at framtidige generasjonar òg må kunne få tilgang til kystsona.

Ein forutset at fiskeriinteressene blir godt ivaretatt i prosessen.

Med helsing  
Fiskarlaget Vest

Britt Sæle Instebo (sign.)

Kopi pr. mail: Nordhordland Fiskarlag  
Fylkesmannen i Hordaland